

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Aust - Agder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vestre Moland

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Vestre

Oppskr. av: L. Rosenberg,

Gard:

(adresse): Laura Gundersenvegt. 1, Oslo.

G.nr.


Br.nr.


A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Eiga røynsle.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1)

SVAR


På alle større gardar køyde dei (og køyur dei) høyet inn med hest. Ofte leiger dei eller låner hest der dei ikkje har. Høyvognen er ei vanleg langvogn  med høytrom (trom) som står oppå vognen og er fest med boltar. Trommet ser om lag slik ut. Ribbene



er runde, sjølvgrodde pinner (pålar) på eit par tommars diam. eller og flate bord. Det siste er det vanlege i vår tid. Eit langt bord, så langt som trommet fri ende til ende i overkant, mytter ein til å klemma ned høyet, og gjerar det fast framme på vognen. Tromstanga heiter dette bordet.


Meridre høytrom til å leggja på ei handvogn er òg i bruk. Likeins bæstrom som to menn ber mellom seg.

2. Men det vanlege er å bera høyet på ryggen der ein ikkje har hest - eller ikkje kjem fram med hest. Byrdetant - bryrøtø - er eit sterkt kampestang (eller anna sterkt tau) på lag 6-7 m langt. Ein legg det dobbelt og fester ei hegda på midten, så endane heng ned eller ligg bortover vollen. Hegda er av ein, barbrud,^{eit} eller grødeark og ser slik ut:



Ein finn hegdedyrke i tråballen og lagar hegder til neste år når ein har slukt å gjera. Ein greier seg med folkkniven til slutt arbeid.

Tant legg ein ut slik * og legg så mykje høy på kvart



tak som ein greier å halda mellom riva i venstre handa og skaftet i høye, så ein får fangst fullt. Men først kjemmer ein høyet med riva frå sata (sā'dā) eller fra ei mure (mū'ā): ei rad med fleire vunder (və'nə'r) som er raka saman. Ti - tolv slike kjemmer vert ei god byrd på ei 40-50 kg. (ei femimā - fl. femimər.)

2

2.
3.

Den som skal bera høyet, står da først med andleet mot hegda og kaster bæl endane bort til hegda over byrda. Ved hegda står da ein annan. Han stikk endane gjennom hegda og kaster tauet til beraren. Denne står da først knipa eller kneppa (i stramma) byrda (knz'ba - knz'pə). Ofte legg da den andre seg oppå og klemmer høyet ned. Beraren set seg da (eller - skundom legg han seg på kne) med ryggen mot byrda, stikk begge armene under tauet til han får det over akslene. Ofte legg den andre ein neve høy på akslene, ^{hans,} så ikkje tauet skal skjia for ille. Så stramma beraren tauet så mykje han kan, og den andre fester det i hegda og slengjer endane til beraren. Mannen bak byra lyfter da, og den andre reiser seg. Det kallar dei å heise byra. Det er om å gjera at ferrenget haldar litt mot beraren, men på flat voll er det ikkje alltid så lett å sjå.

Borna var med på slättevollen og lærde seg å bruka riva for dei kom i skulealderen. Kvar hadde si rive. I Norge til høyet kjemmer ein ikkje til i V. Moland, men lenger vest (i Vest-Agder) var det i bruk.

Om høybare - sjå overfor!

3.

Høyering av høy frå utsløttar på vinterfrie er det slutt med for mange år sidan, men gamle skogløer (skau'sløer) står ennå att, eller tuftene etter dei ligg attmed myrane langt til skogs. På heigardane i nabobygdene (Birkenes t.d.) står dei ennå skauhøy.

4. Sjø overfor. (Langvogn og trom) Hjulslede kjemmer ein lite eller inkje til i V. Moland. Men skau'sløe utan skoning myttar dei ennå til vedkjøring i skogen om sumaren.

Det siste høylasset var vist stort eller lite etter som det hørde.

Dei gamle var nøye med å raka etter: nå'ge vob, som dei sa.

[Dei andre spørsmåla kan eg ikkje gje fullgode svar på. Men om eg kjem heim til sumaren, skal eg høyra etter.

LR.]